

MØTEBOK ODDA FJELLSTYRE

Tidspunkt: onsdag 9. mai 2018 kl. 1800-2000

Stad: Joker Skarsmo

Desse møtte: Eivind Tokheim, John Helge Rasmussen, Britha Sandal, Ørjan Angell og Mariann Nordstoga Berge (frå sak 32/18).

Meldt forfall:

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær),

Saker til styremøtet:

OFS 26/18: Meldingar

OFS 27/18: Referat frå møte 7. mars 2018

OFS 28/18: Retningslinjer for sekretær

OFS 29/18: Informasjonsplakat om fjelloppsynet

OFS 30/18: Reinsjakta 2018

OFS 31/18: Godtgjersle/påskjøning til dugnadsfolk

OFS 32/18: Toalett Bjørnavassbu

OFS 33/18: Eventuelt

Eivind Tokheim/s/ John Helge Rasmussen/s/

Mariann Nordstoga Berge/s/

Britha Sandal/s/

Ørjan Angell/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

OFS 26/18: Meldingar

Saksdokument:

2018.03.12-612.3.Odda fjellstyre-Høyrings svar villreinkvote 2018
2018.03.12-012.1.2.Odda fjellstyre-Møtebok 7. mars 2018
2018.03.31-145.9.Odda fjellstyre-Søknad om gåve frå Sparebankstiftinga Hardanger
2018.04.11-621.2.Villreinutvalet-Teljingsresultat 17.3.2018
2018.04.17-621.2-Villreinutvalet-Anbefaling om villreinkvote for Hardangervidda hausten 2018
2018.04.25-012.0-Fjellstyra på Hardangervidda as - Retningslinjer for sekretær
2018.04.25-012.0-Fjellstyra på Hardangervidda as - Plakat om overnatting
2018.04.30-123. Odda fjellstyre-Rekneskap, revisors beretning og årsmelding 2017

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom meldingane.

Vedtak (sak OFS 26/18):

Styret tek meldingane til orientering.

OFS 27/18: Referat frå møte 7. mars 2018

Saksdokument:

- 27-18 Møtebok frå møte i Odda fjellstyre 7. mars 2018

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Ingen merknadar til referat.

Vedtak (sak OFS 27/18):

Styret godkjenner referatet frå møtet 7. mars 2018.

Samrøystes vedteke.

OFS 28/18: Retningslinjer for sekretær**Saksdokument:**

- 28-18 Fjellstyra på Hardangervidda as - Retningslinjer for sekretær

Saksutgreiing:

Tenestene Fjellstyra på Hardangervidda (FH) yter for fjellstyra er regulert gjennom 5-årige samarbeidsavtalar. Av desse framgår det kun om det skal leverast sekretærtjeneste for fjellstyret. I tråd med styrevedtak 21/17 i Fjellstyra på Hardangervidda as har ei arbeidsgruppe med Vebjørn Håvardrud, Eivind Tokheim, Sveinung Olsnes og Georg Gjøstein laga framlegg til ein standard mal for retningslinjer som regulerer nærare ansvar, myndigheit, oppgåver og fullmakter m.m. mellom sekretariat og fjellstyre.

Retningslinjene som ligg vedlagt saka blei vedteke i sak 07/18 i styremøte for Fjellstyra på Hardangervidda as 6.4.2018. Dagleg leiar i Fjellstyra på Hardangervidda as ber om at fjellstyra tek retningslinjene opp til handsaming slik at dei kan koma som eit tillegg til dei 5-årige samarbeidsavtalene som blei revidert i 2017.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Saka blei kort diskutert. Det var ingen merknadar til teksten.

Vedtak (sak OFS 28/18):

Odda fjellstyre godkjenner framlagde retningslinjer for sekretær.
Samrøystes vedteke.

OFS 29/18: Informasjonsplakat om fjelloppsynet

Saksdokument:

- 29-18 Informasjonsplakat om fjelloppsynet

Saksutgreiing:

På styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as kom dagleg leiar med framlegg om at det vert hengt opp ein plakat på fjellstyrehyttene som kort fortel litt om fjelloppsynet og samstundes gjer greie for at dei tilsette nyttar fjellstyrehyttene til overnatting. Fjellstyra er bedne om å koma med eventuelle merknadar til teksten innan mai månad.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort diskusjon om fjelloppsynet sin bruk av hyttene. Sekretær orienterte om dette.

Vedtak (sak OFS 29/18):

Styret har ingen merknadar til informasjonsplakat om fjelloppsynet.

Samrøystes vedteke.

OFS 30/18: Reinsjakta 2018

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Tiltak for unge fyrstegongsjegerar

Fjellstyret har tidlegare hatt ei ordning der innanbygdsbuande fyrstegongsjegerar får tildelt eit simle-/ungdyrskort inkl. kalv uavhengig av om dei blir trekt ut. Dette kan med fordel halda fram.

Kortreturordning

Sekretær tilrår fyljande kortreturordning:

- T.o.m. (ca.) 5. september: 50 % refusjon på innleverte kort

- F.o.m. (ca.) 6. september: 25 % refusjon på innleverte kort
- Selje til full pris t.o.m. ca. 9. september, selje til halv pris etter 10. september
- Føresetnad for refusjon er at fjellstyret får selt korta vidare.

Det blir lagt opp til at sekretær tek seg av kortreturordninga. Kort må leverast i postboks 369. Samtidig må dei som ynskjer refusjon senda ein e-post med bankkontonummer. Endelege datoar må tilpassast kor tid sekretær er tilgjengeleg på kontoret i reinsjakta, og kan ikkje fastsetjast før tett opp til jakta.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Eivind Tokheim orienterte om at det er kome inn nokre søknadar etter fristen. Det blei diskutert om søknadar som er kome inn etter fristen skal takast med i trekkinga sidan dette er fyrste året med ny søknadsordning. Ved avstemming blei det vedteke med to stemmer (Eivind Tokheim og Ørjan Angell) med leiar si stemmegjeving mot to stemmer (Britha Sandal og John Helge Rasmussen) at søknadane som er kome inn mellom søknadsfristen og trekkingstidspunktet blir teke med i trekkinga.

Tiltak for unge fyrstegongsjegerar

Etter ein kort diskusjon kom styret fram til at ordninga med å tildele unge fyrstegongsjegerar kort skal gjelde for dei som fyller 16, 17, 18 eller 19 i søknadsåret. Det var semje om at dei i år skal tildelast kort på fritt dyr. Det blir ikkje gitt redusert pris for kortet.

Kortreturordning

Styret slutta seg til sekretær sitt framlegg til kortreturordning, med eit tillegg om at kort kan anten sendast til Odda fjellstyre i posten, eller leverast inn på Joker Skarsmo eller til Eivind Tokheim personleg.

Trekking

Trekkinga blei gjennomført elektronisk. Trekkingsresultatet blir publisert på nettsida og Facebook. Dei som er tildelt kort blir kontakta via e-post.

Vedtak (sak OFS 30/18):

Tiltak for unge fyrstegongsjegerar

Ordninga med å tildele unge fyrstegongsjegerar kort gjeld for dei som fyller 16, 17, 18 eller 19 i søknadsåret. Fyrstegongsjegerane blir tildelt kort på fritt dyr. Det blir ikkje gitt redusert pris for kortet.

Samrøystes vedteke.

Kortreturordning

Styret slutta seg til sekretær sitt framlegg til kortreturordning, med eit tillegg om at kort kan anten sendast til Odda fjellstyre i posten, eller leverast inn på Joker Skarsmo eller til Eivind Tokheim personleg.

Samrøystes vedteke.

Trekking

Trekkinga blei gjennomført elektronisk. Trekkingsresultatet blir publisert på nettsida og Facebook. Dei som er tildelt kort blir kontakta via e-post.

Samrøystes vedteke.

OFS 31/18: Godtgjersle/påskjøning til dugnadsfolk

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Gjennomgang på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Britha Sandal og Mariann Nordstoga Berge har utarbeida eit framlegg til arrangement for dei som har vore med på dugnadsarbeid på Belebu som blei lagt fram på møtet. Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak OFS 31/18):

Påskjønninga for dei som har vore med på dugnadsarbeid på Belebu blir arrangert slik det blei lagt fram på møtet.

Samrøystes vedteke.

OFS 32/18: Toalett Bjørnavassbu

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Gjennomgang på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

John Helge Rasmussen la fram teikningar og utkast til søknad på møtet. Styret slutta seg til planane slik dei blei lagt fram. John Helge Rasmussen og sekretær syter for at det blir sendt inn byggesøknad.

Samrøystes vedteke.

Vedtak (sak OFS 32/18):

Styret slutta seg til planane for nytt uthus/utedo på Bjørnavassbu slik dei blei lagt fram på møtet. John Helge Rasmussen og sekretær syter for at det blir sendt inn byggesøknad.

Samrøystes vedteke.

OFS 33/18: Eventuelt

Utleigeordning

Utleigeordninga blei diskutert. Det blir laga ei sak om dette til neste fjellstyremøte. Fjellstyret ynskjer eit møte med brukarane av hyttene for å diskutere utleigeordninga.

Praksis for utleige i vinterhalvåret blei diskutert. Saka blir teke opp på nytt på eit seinare møte.

Økonomi

Økonomien til fjellstyret blei diskutert. Det blei orientert om ulike tilskotsordningar. Det blir sendt søknad til Grunneigarfondet om tilskot til uthus/utedo ved Bjørnavassbu til neste søknadsfrist.

Fjellstyremedlemmene jobbar med ein meir konkret plan for arbeidet som skal gjerast på naustet ved Belebu.

Fjellforvaltning

Sekretær orienterte om at Ullensvang fjellstyre ynskjer å senda eit felles skriv frå dei to fjellstyra til prosjektleiar for samanslåingsprosjektet Ullensvang kommune med oppmoding om at det blir danna ei undergruppe under gruppa «Næring, samfunn og eigedom», og at fjellstyra ynskjer å møte gruppa 22. mai. Styret slutta seg til dette.

Saker til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 15. mai

Saken til møtet i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 15. mai 2018 blei kort diskutert.